

OMFATTANDE ANALYSE AV EKSISTERENDE SYSTEMER FOR ADMINISTRASJON AV NETTBASERT LÆRING (LMSs)

Vennligst fyll ut tabellen under:

Namn på institusjonen:	Samisk Høgskole
LMS i denne undersøkelse:	Class Fronter
Språkdrakt til dette LMS:	Norsk (norsk og samisk)
Antall år i bruk:	1 år (litt over)
Andre LMS i bruk	First Class
Antall studenter ved institusjonen:	Ca. 200
Antall kurstilbud ved institusjonen:	Ca. 10 Lærerutdanning Førskolelærerutdanning Journalistutdanning Samisk til mellomfag Pedagogikk Spesialpedagogikk (videreutdanning) 2 språkkurs Joik og fortellertradisjon Engelsk
Mest vanleg varigheit for kurs:	1 år (20 vekttall) Lærerutdanning er 4 år Førskolelærer er 3 år Journalist er 2 år Mellomfag er 10 vekttall
Antall faglærere ved institusjonen:	36

Denne analysen er inndelt i seks deler:

- 1 Verktøy for utvikling av kurs
- 2 Verktøy for støtte for studenter
- 3 Verktøy for støtte for faglærere
- 4 Administrasjon (student database)
- 5 Teknologi (kvalitet og software)
- 6 Pris

1 Verktøy for utvikling av kurs

1.1 Utvikling av kurs.

Kor tilfredsstillande har dette LMS vore med tanke på å lage kurs ?

CF er eit skall, ikkje eit ferdig produkt. Ein fyller inn sjølv det ein har bruk for.

For dei som ikkje er heiltidsstudentar, arrangeres det gjerne nettsamliner. Vi bruker å legge ut kursmateriell på CF i forkant av desse nettsamlingene.

Vi legg også ut event. internetlinker til fagstoff.

Kursmateriell blir utvikla ved hjelp av programmer som Power Point, Word og Excel, og blir lasta opp i CF. Det har fungert greit.

1.2 Struktur og pedagogisk fleksibilitet – åpenheit

Tillet LMS pedagogisk fleksibilitet ved produksjon av kursmateriell ?

Er strukturen åpen for forskjellige pedagogiske muligheiter ?

Det er fleksibelt, vi kan lage materiell i det format vi ønsker.

CF kan integrerest med Learning Online og Arena høgskole.

Vi har fått Arena høgskole, men ikkje integrert det med CF enno.

Learning online er eit ferdig utvikla kurskonsept, som brukeast til å ta datakortet over nettet. Det er utvikla av firmaet DataPower AS.

1.3 Brukarheit for faglærere.

Kor lett er dette LMS å bruke for lærere og kursutviklere ?

Den er ganske bra. Bruker kjente programmer. Må berre lære å legge inn det ein publiserer.

Vi har hatt 1 dags opplæring. Det burde vore oppfølgingskurs. Ikkje alle har greidd å meistra det skikkeleg enno.

Enkelte lærere bruker det ikkje eller i for liten grad.

Det har vore frivilleg å bruke det. Men lærarane er sterkt oppfordre til å bruke det.

1.4 Støtte for grafikk, lyd og video.

Gir dette LMS støtte for bruk av grafisk undervisningsmateriell, levende bilder, lyd og video i kursinnholdet ?

CF støtter alle formater. Kan køyre levende video over CF. Men linjene er ikkje godt nok utbygde enno (breidbånd).

Studentane har utveksla lydbøker mellom klasser i Norge og Finland, og det har fungert fint. Studentane kjem både frå Norge, Sverige og Finland.

1.5 Studentspørsmål, vurderinger og studentoppgåver.

Kva for støtte tilbyr LMS for spørsmål frå studentar og vurdering av studentoppgåver ?

Studentene kan bruke diskusjonsforum. Email er integrert i systemet. Chat har vi ikkje brukt så mykje, det fungerer ikkje så godt på samisk. 80 prosent fungerer på samisk.

Det er stort sett over heile linja at det er ting som ikkje fungerer på samisk.

2 Verktøy for støtte for studenter

2.1 Muligheiter for interaktiv kommunikasjon

Kva for muligheiter tilbyr LMS studentane av interaktiv læring/kommunikasjon ?

Chat, men den fungerer dårleg på samisk.

First Class er mykje betre på dette punkt. Ein god del av studentane brukar First Class fortsatt nettopp på grunn av muligheiten for chatting. Samiske skrifttegn fungerer i First Class, forutsatt at dei som chattar brukar PC og at det er lik samiske dataløysing på begge sider.

CF muliggjer at fleire studenter kan redigere på samme dokument samtidig. Forutset at det felles dokumentet delest inn i kapitler. Kun ein student kan redigere i eitt kapittel samtidig.

2.2 Nettbasert student-til-student-kommunikasjon (synkron og asynkron)

Kva for fasiliteter tilbyr LMS studenten når det gjeld kommunikasjon med andre studentar, og kor godt har dette fungert ?

Gir LMS støtte både synkron og asynkron kommunikasjon mellom studentar ?

Chat og diskusjonsforum.

Vi har hatt problem med å få registrert meir enn 5-10 studenter pr. gang. Men i det siste har dette fungert også.

2.3 Nettbasert student-til-faglærer-kommunikasjon (synkron og asynkron).

Kva for fasilitetar tilbyr LMS for studentens kommunikasjon med faglærer, og kor godt har dette fungert ?

Støttar LMS denne kommunikasjonen både synkront og asynkront ?

Har studenten tilgjengeleg support når det gjeld faglege, tekniske og administrative tjenester 24 timar i døgnet ?

Chat og diskusjonsforum.

Nyheiter går einvegs, frå lærer til student. Nyheiter ligg på første side i programmet når ein loggar seg på. Det er eigen plass både for gruppenyheiter og for nyheiter som gjeld heile skolen.

Det er også mulig å overføre nyheiter til SMS mobiltelefon. Det er noko som vi har hatt god nytte av. Studentane etterspurde dette. Studenter som har tilleggstjenesten frå Telenor vil få meldingen på mobiltelefon. Den som ikkje har tilleggstjenesten, vil bli varsla om at det er komme inn melding, men vil ikkje sjå meldinga. Den som legg inn nyheitene avgjer om denne opsjonen i CF skal kryssast av for.

Info Fronter er ein del av CF. Info Fronter er eit publiseringsverktøy for at det som leggest ut på CF, også kan leggest ut på skolens heimeside. Vi har ikkje tatt denne i bruk.

2.4 Ressurser, bibliotek og litteraturhenvisninger.

Kva for fasiliteter tilbyr LMS til studenten når det gjeld anskaffelse av ressurser som er nødvendige for kurset, spesielt bibliotek ressurser og referanser til nødvendig litteratur ?

Vi har ikkje utvikla eige web-bibliotek. Kvar klasse lagar sin eigen link til nødvendige verktøy. Både lærere og studenter kan legge ut linker. Alle har rettigheter til å legge ut. Rettigheiten kan begrenast til ei eller fleire mapper.

Vi har bibsys, som køyrest via skolens heimeside. Bibsys er ikkje integrert med CF.

2.5 Tilbakemelding på studentarbeid og oppgaver.

Korleis er kvaliteten på dei muligheter for tilbakemelding som LMS tilbyr studenten på arbeidet dei har gjort og oppgaver som er levert ?

Kommentarer kan leggest inn i samme dokument som studenten har sendt som besvarelse. Men i så fall er det tungvint at dokumentet må lastest inn på nytt for at kommentarer skal vise i teksten. Det burde vore mulighet til å legge inn kommentarer til ein besvarelse uten å måtte skrive kommentarene direkte i dokumentet.

Har mulighet til å legge ut multiple choice, men det har vi ikkje erfaring med.

3 Verktøy for støtte for faglærere

3.1 Oppfølging av studenter – spørring mot studentdatabasen.

Kor brukervennleg er LMS for faglærerne som ønsker å følge opp deira studentgruppe(r) og hente data frå studentdatabasen ?

Arena Høgskole er eit webbasert program som er den tilleggsmodulen til MSTAS. Vi brukar MSTAS som administrativt program. MSTAS kan integrerast mot CF. Arena Høgskole er ikkje tatt i bruk enno. Det vil bli tatt i bruk i løpet av dette året. Fronter vil være med og hjelpe til med integreringa.

3.2 Verktøy for veiledning og administrasjon av studentgrupper.

Kva for fasilitetar tilbyr LMS til faglæreren når det gjeld ledelse og administrasjon av deira studentgruppe(r) ?

Det er veldig enkelt å opprette klasser og grupper i CF. Vi har ikkje følt behov for å opprette grupper inni grupper. Vi er ikkje så stor skole. Gruppene kan vere frå 3-5 studenter.

CF har også eit system for innlevering, der innleveringsmapper kan åpnast og lukkast til forhåndsbestilte tider. Dermed kan ein styra frister for innlevering. Denne muligheiten hadde vi ikkje på eksamen i journalistikk i fjor og då var det tungvint å åpne og lukke databasen for kvar besvarelse. Vi har no fått testa ut denne muligheiten på ein reell eksamenssituasjon, og den fungerte fint.

3.3 Forberedelse av spørsmål og oppgåver av veilederen.

Kor suksessfull er LMS når det gjeld å tilby faglæreren brukervennlege og pedagogisk læreriktige verktøy i arbeidet med å lage spørsmål og oppgåver til studentane ?

CF har muligheit for multiple choice oppgaver. Men vi har ikkje prøvd denne.

3.4 Kursplanlegging for studentar (følge med i studentenes framgang).

Kva for verktøy/hjelpemidler tilbyr LMS til faglærerne for å sette dei i stand til å følge med i (overvåke) og hjelpe studentene med planlegging og råd i studieprogresjonen.

CF har kalender. CF har også Prosjekt Fronter, det er eit prosjektstyringsverktøy som liknar på Microsoft sitt MS Project. Vi har ikkje tatt det i bruk i undervisninga. Ingen har uttrykt ønske om det heller. Vi er jo ein liten skole. Vi lagar planar som er utvikla i Word. Kalender i CF blir brukt ganske mykje. Brukaren kan markere hendelser på kalenderen enten som private eller offentlege. Private hendelser kan sjåast kun av brukaren, offentlege kan alle sjå. Viss ein lærer har studenter i fleire klasser, kan han få tilgang til det som studentene i begge klassane legg inn av public i kalenderen sin.

Fleire og fleire har begynt å ta i bruk kalender. Nokre klassar brukar kalender-funksjonen mykje. Andre brukar word-dokument som planleggingsverktøy. Også i kalender-funksjonen er det problem med dei samiske skriftteikna.

3.5 Brukervennlege administrative systemer mellom faglærern og læreinstitusjonen.

Kva tilbyr LMS for å gjere kommunikasjonen mellom faglærer og læreinstitusjon vellykka ?

Eg har inntrykk av at kommunikasjonen er vellykka. Nyheits-funksjonen i CF fører til god kommunikasjonsflyt på høgskolen. Brukaren av CF kan sjå Nyheiter kva for nye dokumenter som er lagt ut, og når dei vart lagt ut. Det er også markert kva som er nytt for denne brukaren (stoff som ikkje er åpna eller som har komme til etter sist vedkommande var pålogga).

4 Administrasjon (student database)

4.1 Påmeldingsprosedyrer og betaling av studeiavgift

Kva for fasiliteter tilbyr LMS når det gjeld påmelding av studenter, kursallokeringer og betaling av studieavgifter ?

MSTAS brukest som studieadministrativt system, m.a. for kurspåmelding og betaling av studiesystem. MSTAS blir master i forholdet mellom MSTAS og CF. Prinsipper er at det ikkje skal registrerast noko i CF som ikkje er registrert i MSTAS.

4.2 Passord og sikkerheit.

Kor vellykka håndterer LMS student aksess til systemet og sikkerheiten rundt studentenes interaksjon med systemet ?

Eg synest sikkerheiten i CF er bra, samanlikna med First Class. I First Class er det viktig at du avsluttar programmet skikkeleg, elles kan ein annan brukar gå inn og bruke systemet autentisert som deg.

Det er enkelt å endre på passord i CF.

Når det gjeld mail, er det kanskje for stor sikkerheit. Systemet ber om 8 tegn for passord på mail. Dette må inneholda både tall og bokstavar. Dette har vi opplevde som problematisk, fordi studentane mister passordet sitt.

Systemet treng for lang tid på å generere passord til mail.

Differensiert tilgangskontroll muliggjer å lage skjulte kommentarer for læreren i arbeidet med å evaluere oppgåvebesvarleser og som støttegrunnlag for sluttarakter i faget.

4.3 Student arkiv database.

Kor vellykka er systemets studentdatabase, spesielt med hensyn til lagring og gjenfinning av data ?

MSTAS er enkel å hente informasjon ut av.

4.4 Eksamens- og sertifiseringsarkiv.

Kva tilbyr LMS når det gjeld innskriving av data og karakterer som angår eksamener og sertifiseringer ?

Alt dette blir registrert i MSTAS i dag, og CF vil ikkje føre til nokon forskjell for det i framtida. Forskjellen vil bli at det blir mulig å hente data ut frå CF når den blir integrert med MSTAS.

4.5 Databaser for kurs, klasser og faglærere.

Kva for fasiliteter tilbyr LMS når det gjeld administrasjon av kurs, klasser og faglærarane ?

CF tilbyr diskusjonsforum, kalender , mapper og fellesdokumenter.

Det fungerer greit. Det er enkelt å opprette kurs og klasser i CF.

5 Teknologi (kvalitet og software)

5.1 Serverne - hardware og software valgmoglegheiter.

Korleis er kvaliteten på hardware og software på serverne ?

Kva for valgmoglegheiter har man når det gjeld software ?

Korleis er LMS integrert med den øvrige software ?

Fronter står for drift og vedlikehold av HW og SW. Vi synest hastigheiten på serveren er god nok. Vi har fastlinjeforbindelse frå Uninett, med ein overføringskapasitet på 2Mbit (2000 kbit). Til samanlikning har ei enkel ISDN – linje ein overføringskapasitet på 64 kbit.

CF er ganske raske med å fikse ting når problem er oppstått. Vi føler at vi har hatt veldig god kontakt med bedriften.

5.2 Klientene - hardware og software valgmoglegheiter.

Korleis er kvaliteten på hardware og software på klientmaskinene ?

Det er to studentrom med datamaskiner på høgskolen, eit rom for PC og eit for Mac. Det er journaliststudenter som brukar Mac pga. dei grafiske programmene som Mac-verdenen tilbyr.

Det er også to datanettverk på skolen, eit for PC'er og eit for Mac'er. Både PC'er og Mac'er brukar Citrix metaframe som køyrer mot ein felles server. Alle Office programmar ligg på ein felles server. Men også her er det problemar med dei samiske skriftteikna.

Alle programmar på Mac-brukarane brukar, er installert lokalt på klientene.

5.3 Flexibilitet i pedagogisk struktur; oppdatering og tilpasningsevne.

Er den pedagogiske strukturen fleksibel, eller er den bestemt av teknologien ?

Kva for tilpasningsevne har teknologien med hensyn til oppdateringer og ny teknologi som blir tilgjengeleg på markedet ?

CF er veldig fleksibel når det gjeld å lage ein struktur for kursrom og mapper.

Men vi meiner CF burde ha funksjonalitet for å lage enkle heimesider, utan at brukaren er ekspert på teknikk. Eg tenker her på tilsvarane avansert nivå som Imaker eller Custom Publish. Altså mindre avansert enn Microsoft sin Front Page.

5.4 Begrensninger i størrelse (antall studenter, kurs, veiledere..).

Kor vellykka håndterer LMS ulike størrelser på antall studenter, kurs og faglærere ?

Korleis taklar LMS 100, 1000 eller 10000 studentar og store kursdatabaser ?

Ikkje noko problem for oss.

5.5 Systemet hastighet.

Korleis er hastigheiten til LMS og studentenes tilfredsstillelse med den ?

Kor raskt maktar systemet nedlasting av kurs og læremateriell som krev stor båndbreidde ?

Hastigheiten er tilfredsstillande.

First Class er mykje raskare enn CF. Sannsynlegvis på grunn av at det køyrest av eit lokalt installert program, mens i CF skjer alt via nettleseren.

6 Pris

6.1 Kostnadene ved LMS (Learning Management System).

Kva er kostnadene med dette LMS for institusjonen ?

Uninett har gjort avtale med Fronter om CF på vegne av Samisk høgskole. Denne avtalen ligg på Uninett sin heimeside. www.uninett.no.

6.2 Årleg avgift.

Kva for årlege avgifter må betalast av institusjonen for systemet ?

For høgskoler hugsar eg ikkje innholdet i avtalen.

Men for grunnskolen er det 3000 pr. skole, uavhengig av antall brukere. Tilsvarande beløp i den videregående skole er kr. 9000.

6.3 Avgifter ved studentpåmelding (100, 1000 eller 10000 studentar).

Korleis varierer avgifter ved å bruke av dette LMS alt etter om studentmassen er på 100, 1000 eller 10000 studentar ?

Er online fakturering mulig ?

Hugsar ikkje .

6.4 Vedlikeholdskostnader: Staben involvert i ledelse, IT-spesialistar , opplæringspersonell etc.

Kva for vedlikeholdskostnader har institusjonen med dette LMS og kva for personell ressurser er nødvendige for å vedlikeholde det ?

Vedlikeholdskostnadene inngår inn i lisensen.

6.5 Opplæringskostnader. Opplæring av faglærere, stabspersonell og studenter i bruken av systemet.

Kva er kostnadene med å lære opp stabspersonell og studenter i å bruke dette LMS ?

Kostandene er små. Då vi tok CF i bruk, var opplæring med i pakken. Vi måtte betale reise for kursholder. Vi synest ikkje det har vore for dyrt.

Konklusjon: Generell evaluering:

Stort sett fungerer CF til sitt bruk.

Vi har hatt god nytte av systemet.

Men vi er avhengig av å kunne kommunisere på samisk. Det har gått mykje tid med til å melde ifrå om problemer på grunn av at CF i utgangspunktet ikkje støtta det samiske skriftspråket. Vi har stått for oversettelsen, Fronter for det tekniske. Det er no utsikter til at det språklege kan bli i orden. Eg vil sei at CF fungerer 70 % på samiske.

Kva for eigenskapar ville du likt å sett inkludert i dette LMS i framtida ?

Det språklege først og fremst.

Det er ønskeleg å kunne bruke CF til å lage enkle heimesider. Eg har inntrykk av at det er mange som ønsker det her hos oss.

Det er ikkje 100 % sikkert at vi vil bruke CF i framtida.

Takk for at du har vore behjelpelig med å svare på spørsmåla !